

# Nyheitsbrev til alle tilsette i Fjaler kommune - mars 2026

Kjære alle tilsette i Fjaler kommune!

Vi går inn i ein viktig periode for kommunen vår, og eg vil gjerne **dele informasjon om status, mål og retning for 2026**. Dette nyheitsbrevet tek for seg resultatane frå 2025, kva vi skal prioritere framover, og korleis vi saman skal jobbe vidare med omstilling og utvikling.



*Vinterdag Espedalsheia*

## Positive resultat frå 2025

Først og fremst: **Takk for ein stor innsats i 2025!**

Saman har vi oppnådd gode resultat:

### Økonomi:

- Negativt netto driftsresultat på kr 8,6 mill mot budsjettet kr 16,9 mill – ein betring på over kr 8 mill.
- Disposisjonsfond per 1.1.26 er kr 30,5 mill – kr 10 mill betre enn planlagt
- Alle sektorane har halde budsjettet eller gjort det betre
- Vi driv no 10% billigare enn referansegruppa vår

### Nærvær:

- Sjukefråveret har gått ned frå 9,6% til 7,7% – ein sterk forbetring
- Målet for 2026 er ytterlegare reduksjon til 6,5%

### Folketal:

- Positiv utvikling held fram: frå 2924 innbyggjarar i 2025 til 2948 i 2026

### Samarbeid og leiing:

- Betre samanheng, kommunikasjon og sterkare leiarnettverk
- Meir heilskapleg styring og felles forståing av kommunen sine mål

Desse resultatane viser at vi er på rett veg, og at vi har potensiale og vilje til å jobbe vidare.



*Kveldsbilete frå Dale*

## Økonomisk situasjon – kvifor må vi halde fram?

Trass ei positiv utvikling, står kommunen framleis i ein **krevjande økonomisk situasjon**. Kostnadane er høgare enn inntektene med omlag **15 millionar kroner**. Det er fleire årsaker til dette:

Kva får vi ikkje dekkja over statsbudsjettet:

- Høg gjeld med rente- og avdragsutgifter – vi har høg gjeld.
- Auke i vedlikehaldskostnader og investeringsbehov – vi har stort etterslep.
- Mangel på arbeidskraft og kompetanse – vi har innleigekostnader

Ikkje fullt ut kompensert for utgifter gjennom statsbudsjettet

- Statlege reformer og rettighetsutvidingar
- Demografi – individretta tenester med auka behov og ressursbruk
- Auka prisvekst utover deflator
- Auke i pensjonskostnader


Andre forhold som verkar inn på Fjaler

- Svingande inntekter frå havbruksfond og varierende skatteinngong
- Svak økonomi

At vi har svak økonomi betyr at vi ikkje klarar å nå resultatmåla som er 2% netto driftsresultat (anbefalt nivå). Søylen nedanfor viser at vi går med minus i planperioden.

## Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter ≡


Grafen er i %



Dette betyr at vi tømmer sparekontoen vår (disposisjonsfondet)

# Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter ≡

Grafen er i %



## Mål for 2026 – felles retning

For 2026 har vi sett oss felles overordna mål:

1. **15 millioner i innsparing med effekt frå 2027** – god kvalitet og effektive tenester
2. **1% reduksjon i sjukefråvær** – frå 7,5% til 6,5%
3. **Behalde og rekruttere** – tryggje stabilitet og utvikling av kompetanse
4. **Bustadplan** – styrke mulighetene for vekst i folketal og at fleire skal bu trygt heime lengre.
5. **Organisasjonsutvikling** – læring, utvikling og forbetring
6. **Klare mål** for kommunen og sektorane.
7. **God informasjon og kommunikasjon** – godt samarbeid om mål, kvifor det er slik og korleis vi skal få til gode resultat.

## Mål for kvar sektor

### Helse og omsorg:

- Styrkje stabilitet i einingane og kvalitet i tenestene
- Byggje vidare på og utvikle leiarar
- Vidareutvikle førebyggjande og helsefremjande arbeid
- Utvikle framtidsetta og berekraftige tenester

**Oppvekst:**

- Satse på god begynnaropplæring
- Jobbe for trygt og godt skulemiljø for alle elevar
- Betre resultat på nasjonale prøver
- Auke innsats innan tidleg innsats og førebyggjande arbeid
- Fagopplæring: trauma, migrasjonspedagogikk, språk og språkopplæring

**Teknisk:**

- Planarbeid: Samfunnsdelen, Trafikktryggleiksplan og kommunedelplan for Dale
- Vidareutvikle internt planforum – samarbeid og forankring av planar på tvers
- Oppfølging etter tilsyn (Mattilsynet og DSB)
- Sikre ei effektiv drift og forvaltning av tenester
- Tilpasse forvaltning og drift til forventna klimaendringar og miljøomsyn

**Samfunnsutvikling, kultur og integrering:**


- Utjamne sosiale skilnader
- Legge til rette for eit meir mangfaldig og inkluderande samfunn
- Få til samarbeidsarenaer for å nå felles mål (frivillig – næring – samfunnsaktørar – på tvers av sektorar)

**Personal og organisasjon:**

- Digitalisering: utarbeide digitale skjema, nytte KI
- God service til innbyggjarane og internt i organisasjonen
- Effektivisering: sentralbord, arbeidsprosessar, oppgåvefordeling
- Strategisk kompetanseplan: ferdigstille og forankre
- Gode tilsetjingsprosessar og god oppfølging av nytilsette

**Økonomiområdet:**

- Ferdigstille eigeidomsskatteprosjektet
- Legge til rette for god økonomirapportering
- Arbeide vidare med tiltak for betre økonomien på lang sikt



*Frå Lutelandet, Foto Sissel Bringeland*

## Oppdragsbrev for omstilling og innsparing 2026

Kommunalsjefar og stabsleiarar har motteke **oppdragsbrev** for arbeid med omstilling og innsparing i 2026. Dette arbeidet handlar **ikkje berre om kutt, men om endring, læring og smarte løysingar.**

### Kva betyr dette?

Vi må:

- Sjå kritisk på rutinar, arbeidsformer og organisering
- Ta i bruk digitalisering og kunstig intelligens (KI) der det gir reell gevinst
- Våge å justere forventningar – hos oss sjølve, politikarar og innbyggjarar

**Innsparing skal no bety å løyse oppgåvene på nye og betre måtar.**

### Overordna mål for omstillingsarbeidet

1. Leggje fram plan for å nå dei økonomiske måla innan juni 2027, med samla innsparing på 15 mill kroner
2. Oppnå **varige innsparingar** gjennom betre organisering, digitalisering og ny arbeidsmetodikk.
3. Skape realistiske økonomiske rammer for drift, med tydeleg samanheng mellom plan, budsjett, kontroll og rapportering

## Organisering

- **Prosjektleiarar:** Kommunalsjefar og stabsleiarar – har ansvar for å sikre involvering av leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette
- **Prosjektansvarleg:** Kommunedirektøren – sikre gjennomføring
- **Styringsgruppe:** Leiargruppa til kommunedirektøren – følgje opp med felles leiarmøte kvar månad for læring, framdrift og deling av tiltak

## Viktige datoar

- **3. mars:** Framdriftsplan frå prosjektleiarane
- **15. april:** Første utkast til rapport med forslag til tiltak
- **22. mai:** Sluttrapport ferdig
- **Juni 2026:** Plan for å nå økonomiske mål innan juni 2027

## Kva skal analyserast?

Alle einingar skal gjennomføre analyse av ein rekke tiltak, mellom anna:

- Redusere bemanning, vikarbruk og overtid
- Redusere sjukefråvær, turnover og deltid
- Redusere tal bilar og sal av utstyr som er lite i bruk
- Identifisere oppgåver der KI kan effektivisere arbeidsoppgåvene
- Redusere bruk av konsulenter og lisenskostnader
- Auke inntekter – gebyr, refusjonar, sal av tenester

Sektorane har fått spesifikke tiltakslistar tilpassa sine ansvarsområde. Det er viktig å bruke rekneskap, KOSTRA, Kommuneindeksen, Kommunebarometeret og Framsikt i analysearbeidet.

Arbeidet skal skje i **tett dialog med tillitsvalde** og med aktiv involvering av dei tilsette.

## Kvifor er dette viktig?

Målet er å sikre forståing for kvifor endringar skjer, og korleis dei bidreg til å styrkje kommunen som heilskap.

Kommunedirektøren vil halde fram med å delta i personalmøte saman med leiarane for å informere og ha dialog med dei tilsette. **Dette er eit felles ansvar.**

## Kva skal vi gjere meir av i 2026?

I 2025 la vi eit godt grunnlag. I 2026 vil vi byggje vidare på den gode felleskulturen med:

- **Meir systematisk leiing** – læring og samarbeid på tvers
- **Fokus på rekruttering** – sikre kompetanse og stabilitet
- **Kompetanseutvikling** – sikre at vi har god kompetanse til å gje gode og effektive tenester
- **Felles retning** for heile organisasjonen og for sektorane

### **Avslutning – vi er på rett veg**

Vi har fått til mykje bra i 2025, og vi har vist at vi kan meistre krevjande utfordringar. **Vi er på rett veg, har potensiale og vilje til å jobbe vidare.**

Arbeidet framover handlar om å utvikle tenestene våre slik at dei blir meir økonomisk berekraftige og framtidsretta – **både no og dei neste 10-15 åra.**

Som toppleiargruppe har vi slått fast at **kommunen må fornyast for å bevare kvaliteten og auke effektiviteten.** Innsparing skal no bety å løyse oppgåvene på nye og betre måtar.

Tydeleg og open informasjon til alle tilsette er ein sentral del av leiaransvaret. Vi vil fortsette å halde dykk oppdaterte gjennom personalmøte, leiarmøte og nyheitsbrev.

**Takk for innsatsen så langt, og lukke til med arbeidet framover!**

Med helsing,

**Ola Hovland**

Kommunedirektør

**Anniken Myklebust**

Økonomisjef

**Wenche Elveseter**

Personalsjef

**Kjersti Valvik**

Kommunalsjef Helse&oms.

**Kjell Stien**

Komm.sjef oppvekst

**Ingeborg Tysnes**

Komm.sjef kultur og samf.

**Connie Hovland**

Komm.sjef teknisk

---

*For spørsmål eller innspel, ta kontakt med di næraste leiing eller kommunedirektøren.*